

## **STATUTTAR FOR SPAREBANK 1 SR-BANKS INNOVASJONSPRIS**

### **§1 Formål**

Innovasjonsprisen er oppretta av SpareBank 1 SR-Bank. Den har som formål å fremje forskingsbasert innovasjon i Stavanger, ved Universitetet i Stavanger (UiS) og NORCE.

### **§2 Om prisen**

Prisen skal stimulere til forskingsbasert innovasjon. Prisen er ein ærespris for tilsette som i løpet av det kalenderåret prisen gjeld for har utmerka seg med framifrå bidrag til verdiskaping gjennom forskingsbasert innovasjon og/eller kommersialisering av forskning.

Prisen kan tildelast tilsette eller miljø ved UiS og/eller NORCE.

Prisen består av eit diplom og eit stipend frå SpareBank 1 SR-Bank.

### **§3 Forslagsrett**

Alle tilsette og organisatoriske einingar ved UiS, NORCE og Validé kan nominere kandidatar til prisen. Nominering av kandidatar til prisen skal skje innan 1. september i det påfølgande kalenderåret prisen gjeld for.

Forslagstillar må grunngje og dokumentere forslaga i form av:

- Kandidatens innovasjonsarbeid i form av konkrete kommersialiseringar eller bidrag til innovasjonar i etablerte verksemder
- Andre synlege uttrykk for kandidatens bidrag til forskingsbasert innovasjon
- Kandidatens betydning for verdiskaping

### **§4 Behandling av forslag**

Kandidatar blir vurderte av ein jury som består av prorektor for innovasjon og samfunn ved UiS (juryleiar), ein leiar i NORCE med arbeidsstad i Stavanger, to eksterne medlemmar med kompetanse innan innovasjon og nyskaping (oppnemnt av UiS og NORCE), ein studentrepresentant samt ein representant frå SpareBank 1 SR-Bank. Juryen peikar ut prisvinnaren.

Innovasjonsavdelinga ved UiS er sekretariat for juryen. Namnet på prisvinnaren blir først gjort offentleg kjend under sjølve prisutdelinga.

### **§5 Prisutdeling**

Prisen blir delt ut av ein representant for Sparebank 1 SR-Bank under årsfesten ved UiS.

### **§6 Fastsetting av statuttar**

Styret ved Universitetet i Stavanger fastset statuttar for innovasjonsprisen. Rektor får fullmakt til å gjere nødvendige endringar.

Vedtatt av styret ved Universitetet i Stavanger, 11. mars 2021.